

Kjell Sverre Thoresen  
Svein Arvid Tørre  
Kirsti Sandland  
Tor Isak Oxum  
Jon Aslak Austjore

1. vara Turid Opsund Mæland forfall

Hjartdal 07.06.12

## Referat frå styremøte på Bygdesentralen 05.06.2012

Sak 9/2012 Innkalling og sakliste godkjent.

Ved sending av e-post til leder, bruk NSG sin standard,  
[leder.telemark@sauoggeit.no](mailto:leder.telemark@sauoggeit.no)

Sak 10/2012 Referatsaker:

- Det vart sendt ut SMS og oppmoding på e-post om deltakelse på markering i Oslo 21. mai- Jordbrukstingingane.
- Vandreutstilling for geit vart sær s vellukka. 8 buskarpar stilte geiter. Hege Gonsholt fekk premien for beste avlsgeit  
Gro Hommo for finaste geit  
Gunnar Haugo for finaste ung geit.  
“Alle” fekk påskjønnelse frå Tine i samband med leveranse av elitemjolk over tid.
- Møte mellom landbruksorganisasjonane og rovviltnemda i region 2  
Kjell møtte for TSG. Trur på eit godt samarbeid med den nye rovviltnemda. Arbeidet med å få på plass eit skadefellingslag i Telemark bør starte. Det er i dette høve viktig å finne “den rette jegeren”. Sjå elles referat frå møte
- Svein har forfatta eit brev til Mattilsynet med bakgrunn i brevet frå Flatdal sau og geit. Styret tok brevet til orientering.
- Jon Aslak orientera om arbeidet i styringsgruppa for “sauekjøtt, ja d e gøtt” Eit ynskje frå leiaren i beiteutvalet, Svein Tørre om å bli sterkare involvert, og invitera til å delta på styringsgruppemøte. Pr i dag arbeider gruppa for å finne hensiktsmessig inngang for å få mest mulig effekt på den jobben som skal gjerast. Innspelet vert tatt med i de vidare arbeidet. Referat frå møte i styringsgruppa vert sendt til styret som orientering.
- Høring- forslag til forskrift om tilskot til investeringstiltak i beiteområder tatt til orientering.
- Møte “HMS kampanje i landbruket” på Søve 9. mai. *Vedlagt invitasjon og informasjon.*
- Møte i Telemark Landbrukselskap – Representantskapsmøte. Kjell referera frå møte.

Sak 11/2012

Invitasjon til innspel (høring) før igangsetting av revisjon av forvaltningsplan for rovdyr, region 2.  
Kjell lagar eit innspel som vert sendes til sekretariatet for Rovviltnemda i region 2.  
Brev vedlagt referatet.

- Sak 12/2012 Høring- forslag til endring i erstatningsordningar for husdyr og tamrein. Høringsfrist 15. juni. Torhild lagar eit forslag til hørings svar. Brevet vert underteikna av både leiar i Telemark og Vestfold.
- Sak 13/2012 Høring- Forslag til frivillig vern av skog- Mjøvann naturreservat, Skien Kommune. Høringsfrist 15. aug-12. Styret i Telemark sau og geit har inga synspunkt til planen, og gjev av den grunn inga uttale.
- Sak 14/2012 Planlegging av aktivitetane på Dyrskuen 2012  
Kirsti planlegg aktivitetane på same måte som i 2011.  
Ynskjer saueklypping alle dagane, og vonar å få Bjørguv Bratland og Sven Reiersen til å ta på seg dette. Kirsti ber om å få sau alle dagane frå Børge Slettebø. Dette gjer logistikken enklare.  
Standen vert bemanna med folk frå TSG og Telemark Gjetarhundlag Det trengs da 9 personar frå kvart lag. Styret stiller seg villig til å stå på arbeidslista.  
Kjem attende med fleire detaljer på møte 28 aug
- Sak 15/2012 Klyppekurs hausten 2012.  
Etter avtale med Aslak Snarteland passar 12-14 oktober.
- Sak 16/2012 Eventuelt  
Det vart, med hjelp av e-post, foreslått og vedtatt å støtte vandreutstillinga for geit med kr 1500,- til premiering. Da ikkje alle hadde mottatt denne e-posten vart vedtak endeleg fatta.